

Rogaland og Agder Redaktørforening  
v/Tom Hetland, Stavanger Aftenblad  
Postboks 229, 4001 Stavanger

2010/05024-145

Stavanger, 13. april 2011

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

### **HØYRINGSFRÅSEGN, NOU 2010:14 (MEDIESTØTTEUTVALET)**

Styret i Rogaland og Agder Redaktørforening, som organiserer 59 redaktører i regionen, har følgende kommentarer til utgreiinga frå Mediestøtteutvalet:

1. Norge er eit land med ein sterk og mangfaldig medietradisjon. Det har vore ein styrke både for demokratiet og for norsk skriftkultur. Avisene, og etter kvart også dei digitale media, representerer den største delen av tekstproduksjonen på norsk språk, og den som når ut til det breiaste publikummet. For eit lite språkområde som det norske er ein rik medieflora derfor av uvurderleg verdi.

Dei offentlege mediestøtteordninga har medverka sterkt til breidde og mangfald i den norske medieverka. Rogaland og Agder Redaktørforening meiner derfor at mediestøtta bør vidareførast i minst same omfang som i dag.

2. Norskspråklege massemedium er inne i ei krevjande tid. Papiravisopplaga er fallande, samtidig som veksten på dei digitale plattformene ikkje kompenserer økonomisk for nedgangen i papir. I kjølvatnet av finanskrisa var det store nedbemanningar i fleire mediehus. Sjølv om tidene nå er betre, er det ingen tvil om at både store og små mediehus vil vera sårbare ved neste konjunkturedgang.

Rogaland og Agder Redaktørforening meiner at ei moderne mediestøtte må leggja til rette for at det kan utviklast gode forretningsmodellar for digital kvalitetsjournalistikk. Støtteordningane må ta utgangspunkt i at ein stadig større del av publikum vil vera å treffa på dei digitale plattformene. Samtidig må den offentlege mediestøtta medverka til at papiravisene kan oppretthalda kvalitet og mangfald, slik at opplagsfallet på papir blir minst mogleg og mediehusa får tid på seg til dei nødvendige omstillingane.


3. Rogaland og Agder Redaktørforening meiner i utgangspunktet at dagens nullmomsordning for papiraviser bør stå ved lag, og utvidast til også å gjelda digitalt redaksjonelt innhald. I det minste bør dette gjelda når det er tale om like redaksjonelle produkt, som når pdf-utgåva av papiravisa blir distribuert på Ipad eller andre lesebrett. Det er vanskeleg å forstå at avgiftssystemet skal diskriminera mellom ulike teknologiske plattformer når innhaldet er identisk eller tilnærma likt. Det er journalistikken som skal støttast, ikkje teknologien.

Me vil be om at dette perspektivet blir ståande sentralt i det vidare arbeidet med mediestøtteordningane. Me har også merka oss at momssystemet i EU nå er til høyring, og at EU kan koma til å opna for nullmoms eller redusert moms også på digitale redaksjonelle produkt.

4. Av dei framlagde alternativa frå utvalet oppfattar Rogaland og Agder Redaktørforening *fleirmedialitetsalternativet* som det beste, sjølv om det ikkje er fullgodt. Det løyser ikkje problemet med ulik moms, men reduserer i det minste momssatsen på digitale produkt frå 25 til 8 prosent. Alternativet fører vidare nullmomsen på aviser, noko som har mykje å seia for både store og små aviser i vårt nedslagsfelt. Innføring av moms på papiraviser vil bryta ein viktig barriere på eit kritisk tidspunkt der avisene kjempar med nebb og klør mot opplagsfallet.

*Omfordelingsalternativet* innfører lik moms på 8 prosent, noko som kan vera enklare å praktisera. Men det opphevar altså prinsippet om nullmoms på redaksjonelt innhald og aukar avgiftsbøra på papiravisene. Ei omfordeling i tråd med forslaget kan verka tillokkande for enkelte, men ordninga er komplisert og politisk sårbar. Rogaland og Agder Redaktørforening ønskjer ikkje ordningar som opnar for større grad av politisk skjønn i tildelinga. Me vil også åtvara mot å svekka dei største redaksjonane, som er viktige lokomotiv for resten av norsk presse. Alternativet har likevel ein del interessante element, for eksempel ungdomsretta støtte og stipendordningar, som bør tas med i den vidare prosessen.

Det beste ved *dagens system* er nullmomsen på papir, som me har argumentert for ovanfor. Men momsen på 25 prosent skaper store problem for satsinga på betalt redaksjonelt innhald på digitale plattformer. I lys av at lesarane gradvis går over frå papir til digitalt, vil det også uthola prinsippet om nullmoms på det frie ordet. Systemet er derfor lite framtidsretta, og bør uansett reformerast. Det er etter vårt syn nå nødvendig med kraftfulle politiske signal om at produksjon av norskspråkleg innhald på digitale plattformer er eit viktig forsvarsverk for norsk språk og kultur i den digitale tidsalderen. Det må ikkje minst avspeglast i avgiftssystem og støtteordningar.



Tom Hetland

leiar, Rogaland og Agder Redaktørforening